



Kjell Oddmund Kålås
Hjelmåsen 1
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3543 - 17/34347

Saksbehandlar:
Sverre Solberg
SSO@lindas.kommune.no

Dato:
05.12.2017

Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 202/1-4 - "Hjelmås".

Lindås kommune har oppdateringsansvar for Matrikkelen i kommunen.
Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser.

Dette er ein kontinuerleg prosess som Geodata utfører dagleg ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, utskiftningskart, data frå Jordskifte og Vegvesen samt eldre skylddelingar. Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggingsføremål og andre ting.

Det vart 4. mai d.å. meld inn feil på grenselinja mellom Kjell Kålås og felles-skapet på austsida av stemma til Myhr. Eva Styve hadde funne 2 utskiftnings-krossar i fjell i denne grense-linja. Sjå kartvedlegg ! To av karta syner grenselinja slik ho var FØR me retta henne opp i Matrikkelen og tre av karta – slik ho no framkjem !

Er litt usikker på om grenselinja fortset mot nord-vest frå G04 og fram til fylkes-vegen. Sjå det eine av grunnkarta som ligg ved ! Har meir tru på at grenselinja heller går meir i vestleg lei – til SK1. Dette tykkjer eg høver betre opp i mot det som vedlagte oppforstørta skiftekart over Hjelmås syner. Vonar eg høyrer frå dykk, når de har fått sett på saka.

Som tilstøytande naboar og grunneigar på Hjelmås, vert de varsla om grenseendringa som er føreteken i Matrikkelen.

Attendemeldingar kan sendast til: Lindås kommune, Geodata, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ.
Tlf. 56 37 50 00. E-post: postmottak@lindas.kommune.no

Med helsing

Tommy Veland
avdelingsleiar

Sverre Solberg
avdelingsingeniør



Vedlegg:

202-1-4 Vedlegg

Mottakrar:

Geir Styve	Hjelmåsen 37	5915	HJELMÅS
Kjell Oddmund Kålås	Hjelmåsen 1	5915	HJELMÅS
Kåre Johan Hauge	Hjelmåsen 80	5915	HJELMÅS
Ole Hjelmås	Hjelmåsen 45	5915	HJELMÅS